

Saksbehandlar: Marianne Bugge og Stine Mari Nyttun Leirdal, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 18/7724-12

Planprogram for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (handelsføresegna)

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Planprogram for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (handelsføresegna) vert vedteken slik den ligg føre.

Vedlegg:

1. Planprogram for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (handelsføresegna)
2. Skjematisk framstilling av innkomne innspel

Andre relevante dokument i saka:

1. Høyring av planprogram for regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter - frist 09.11.2018. Fråsegn frå Vågsøy kommune mottatt 07.11.2018.
2. Høyring av planprogram for regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Fråsegn frå Statens vegvesen Region Vest mottatt 08.11.2018.
3. Fråsegn til høyring av planprogram for revisjon av regional planføresegn for lokalisering av handel og kjøpesenter. Fråsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane mottatt 08.11.2018.
4. Høyringsuttale - planprogram for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Fråsegn frå Stryn kommune mottatt 09.11.2018.
5. Høyringsuttale - Planprogram for regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Fråsegn frå Handel og kontor i Norge region Vest mottatt 09.11.2018.
6. Planprogram for regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter - reply 2224306. Fråsegn frå fylkesrådet for eldre mottatt 29.10.2018 (registrert i ESA 12.11.2018).
7. Høyring planprogram for regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Fråsegn frå Førde kommune mottatt 12.11.2018.
8. Fråsegn til revisjon av regional planføresegn – rådmannen si innstilling. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune mottatt 14.11.2018.ⁱ
9. Svar - Revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Fråsegn frå Sogndal kommune mottatt 14.11.2018.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Utkast til planprogram for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter låg ute til offentleg ettersyn til 9. november 2018. Det er kome inn ni fråsegner med totalt 47 innspel knytt til åtte ulike tema, jf. vedlegg 2.

Fylkesrådmannen har vurdert fråsegnene, og tilrår å ta 19 av innspela til følgje, eitt delvis til følgje, 13 ikkje til følgje og 14 til vitande. Oversikt over innspela og tilrådd oppfølging ligg i vedlegg 2, medan planprogrammet (der tilrådde endringar er innarbeida) er å finne i vedlegg 1.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å vedta planprogram for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (handelsføresegna) slik det ligg føre.

ⁱ Merk at dette er fylkesrådmannen sin innstilling. Dersom det blir gjort endringar i Hordaland fylkeskommune sitt fylkesutvalsmøte 21. november vil desse bli ettersendt/lagt til som vedlegg til saka.

2. Bakgrunn for saka

Saka er ei oppfølging av vedtak i FU 26.09.2018 (sak 100/2018) der ein la planprogram for regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 9. november.

Fylkesrådmannen har no vurdert fråsegnene som kom inn. Endringane som er foreslått gjennomført er innarbeida i planprogrammet, jf. vedlegg 1.

Historikk - tidlegare vedtak

For gjennomgang av tidligare relevante vedtak sjå saksframstillinga til FU, sak 100/2018 eller planprogrammet.

Sentrale problemstillingar

Ei sentral problemstilling for arbeidet er korleis ein skal balansere FT sitt ønske om ei føresegn som ikkje er til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda mot nasjonale føringar og mål i regionale planar.

Andre opplysningar

Fylkesrådmannen har sett eit behov for eit kort tilnamn for revidert regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter, og nyttar tilnamnet handelsføresegna.

Framdriftsplanen er oppdatert i tråd med møteplan for 2019. Det er ikkje sett av tid til andre gongs høyring av handelsføresegna.

Sidan FU la utkast til planprogram ut til høyring har Kultur for alle (regional plan for kultur som erstattar kulturstrategi for Sogn og Fjordane 2015-2018 og regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019) blitt vedtatt, og det er kome ei ny statleg planretningslinje innan klima (Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing). Planprogrammet er oppdatert for å spegle desse nye føringane.

Grunna stram framdriftsplan vil korrektur og grafisk utforming av planprogrammet først bli gjennomført etter vedtak.

3. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Grunna endra personalsituasjon er det behov for å leige inn konsulent for å utføre delar av planarbeidet saman med administrasjonen. Planarbeidet skal likevel skje innanfor gjeldande budsjetttråme og kostnadane blir dekkja frå tenesteområde 7151. Endringar i planføresegna vil ikkje få økonomiske konsekvensar for budsjett/økonomiplan.

Rettslege konsekvensar

Handelsføresegna vil erstatte gjeldande planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (frå 2017) når den blir vedtatt (etter planen i oktober 2019).

Kommunane, fylkeskommunen og andre planorgan skal då legge handelsføresegna til grunn for si planlegging og sakshandsaming etter plan- og bygningslova (PBL). Dersom arealplanar etter PBL blir godkjende i strid med dette, kan det vere grunnlag for å fremje motsegn.

Handelsføresegna vil gjelde framfor eldre reguleringsplanar, utbyggingsplanar og kommune-planar sin arealdel.

Organisering

I tråd med gjeldande delegeringsreglement er vedtak at regionale planføresegner delegert til FU. Gjeldande praksis har derimot vore at FT vedtek desse. Det er i planarbeidet lagt opp til å følgje gjeldande praksis.

Den formelle organiseringa vil elles bli som for ein vanleg regional plan der fylkesrådmannen v/plansjef er prosjektleiar.

Klima- og miljøkonsekvensar

Konsekvensar for klima og miljø blir greidd ut som ein del av planprosessen.

4. Høyringsfråsegner

I samband med høyringa er det kome inn ni fråsegner med totalt 47 innspel knytt til åtte ulike tema. Under følgjer ei tematisk oppsummering av innspela og korleis dei er følgt opp (ei skjematisk framstilling av alle innspela er å finne i vedlegg 2).

Føremål og mål med planarbeidet

Til tema føremål og mål med planarbeidet kom det totalt tre innspel i to fråsegner.

Statens vegvesen spelte inn at måla kunne vore færre og meir konkrete (2.1), samt at det burde vore eit mål at potensialet for fortetting og transformasjon skal bli vurdert før nye utbyggingsområde blir tatt i bruk (2.3). Ingen av desse innspela er tilrådd tatt til følgje då ein vil miste viktige omsyn dersom ein kuttar i måla, og vi ser på målet Statens vegvesen foreslo å ta inn som eit middel for å nå måla som allereie er formulert.

Fylkesmannen spelte inn at dei forventa at måla blir følgt opp og at det blir gitt klare føringar i planføresegna som støttar opp om måla (4.4.3). Dette innspelet er føreslått tatt til følgje.

Føringar

Til føringane for planarbeidet kom det totalt fire innspel i fire fråsegner.

Statens vegvesen spelte inn at ein burde ta inn eit punkt til frå dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging (2.2). Dette innspelet er tatt til følgje, og inn arbeida som eit nytt punkt under føringar.

Fylkesrådet for eldre spelte inn at det bør bli vurdert om andre stader i fylket også bør få status som senter i BAS-regionane (6.8). Dette innspelet er føreslått ikkje tatt til følgje då kva stader som er senter i BAS-regionane er gitt i strategi for tettstadutvikling og senterstruktur som blei vedtatt for under eitt år sidan. Førde kommune bad om at det skulle kome tydeligare fram at Førde er fylkessenter og kva dette betyr (7.9). Fylkesrådmannen meiner det kjem tydeleg nok fram, og innspelet er derfor ikkje tatt til følgje.

Sogndal kommune påpeika at ein bør ha ein sterk kopling mellom handelsføresegna og strategi for tettstadutvikling og senterstruktur (9.3). Fylkesrådmannen er samd i dette, og strategien ligg som føring for planarbeidet.

Framdrift

Til framdrifta for planarbeidet er det kome inn totalt fire innspel i to fråsegner.

Fylkesmannen (4.5) og Hordaland fylkeskommune (8.1 og 8.2) rår til å venta med revisjonen til etter samanslåinga med Hordaland. Desse innspela er ikkje tatt til følgje då FT har vore tydelege på at dei ønsker revisjon av planføresegna sjølv om handelsføresegna vil bli vedtatt under tre månadar før Sogn og Fjordane slår seg saman med Hordaland.

Hordaland fylkeskommune spelte også inn at dersom Sogn og Fjordane likevel vel å gå vidare med revisjonsarbeidet ber ein om at det vert lagt vekt på å unngå motstrid med regional plan-føresegn for handel i Hordaland (8.3). Innspelet er føreslått tatt til følgje, og fylkesrådmannen ser revisjonen som ei moglegheit til å harmonisere regelverket mot Hordaland sitt.

Medverknad

Til tema medverknad i planarbeidet er det kome inn totalt sju innspel i fem fråsegner.

Statens vegvesen ber om at transport, parkering og sykkelparkering blir lagt til som tema på møtet mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen (2.4), organisasjonen Handel og kontor ønska at fylkeskommunen skal møte arbeidstakarorganisasjonar (5.1), medan fylkesrådet for eldre spelte inn at lokale høyringsmøter kan vere viktige for å nå ut med informasjon til eldre

(6.1) og korleis fylkeskommunen kan nå lag og organisasjonar (6.2). Alle desse innspela er tilrådd tatt til følgje.

Førde kommune hadde to innspel til medverknadsprosessen som handla om kven fylkeskommunen skal møte og kva tema bør vere (7.1 og 7.2). Begge desse er tatt til følgje, då både aktør og tema allereie ligg inne i medverknadsopplegget.

Fylkesmannen meiner det er uheldig med høyringsperiode frå 14. mai til 31. juli (4.1). Innspelet er ikkje tatt til følgje då fylkesrådmannen vurderer at sidan høyringsperioden bli på over 11 veker, vil det vera mogleg for høyringspartar å både avvikle ferie og medverke.

Utgreiingsbehov i planprosessen

Til utgreiingsbehov i planarbeidet er det kome totalt fem innspel i fire fråsegner.

Statens vegvesen spelte inn fire nye punkt til utgreiingsbehovet (2.5). Innspelet er tilrådd tatt delvis til følgje. Tre av punkta i innspelet er innarbeida på foreslått stad i utgreiingsbehovet, men fylkesrådmannen ser det siste som for omfattande for eit regionalt kunnskapsgrunnlag. Førde kommune spelte inn at det er viktig å få med definisjonen av bransjegliding (7.3), og dette innspelet er tatt til følgje. Kommunen spelar også inn at det er viktig at fylkeskommunen får innsikt i kommunale planar (7.4). Dette innspelet er tatt til følgje, då kommunale planar allereie er gitt som ei kjelde til kunnskapsgrunnlaget.

Fylkesmannen presiserer at det er viktig at definisjonar er i samsvar med nasjonalt regelverk og forståing (4.4.2). Dette innspelet er tatt til følgje, då eit av utgreiingsbehova som er satt opp i planprogrammet er å lage eintydige definisjonar av viktige omgrep.

Sogndal kommune spelte inn to spørsmål (9.5) som er dekkja i utgreiingsbehov i planprosessen.

Alternativ som blir vurdert

Til alternativ som blir vurdert i planarbeidet er det kome totalt seks innspel i fire fråsegner.

Statens vegvesen spelte inn at det bør bli gjort ein gjennomgang av lista over alternativ som blir vurdert for å vurdere om enkelte alternativ kan gå ut (2.6). Dette innspelet er tilrådd tatt til følgje.

Fylkesmannen har spelt inn at ulike parkeringsløysningar og –avgrensingar bør bli vurdert i planarbeidet (4.3), medan Førde kommune har spelt inn at føresegna også bør handle om tenesteyting (7.6), opplevingsbasert aktivitet (7.7) og utnyttingsgrad (7.8) når storhandel vert lagt på dyrka mark. Desse innspela er ikkje tatt til følgje, då desse temaa ikkje fell inn under arbeidet med planføresegna, jf. mandatet frå fylkestinget. Temaa kan vera aktuelle i arbeidet med ein ev. regional plan for arealbruk i Vestland fylke.

Sogndal kommune ønsker ein mal for innhald i handelsanalyse (9.4). Dette innspelet er tatt til følgje, og er allereie gitt som eit alternativ som blir vurdert.

Kunnskapsgrunnlag

Sju av innspela (6.3, 6.4, 6.5, 6.6, 6.7, 7.5 og 9.2) frå tre av fråsegnene er ikkje direkte knytt til planprogrammet. Desse innspela er tatt til vitande eller til følgje, og blir innarbeida i kunnskapsgrunnlaget.

Handelsføresegn

Ni av innspela (1.1, 3.1, 3.2, 4.2, 4.4.1, 4.4.4, 4.4.5, 9.1 og 9.6) frå fire av fråsegnene er ikkje direkte knytt til planprogrammet, men heller til sjølve handelsføresegna.

Desse innspela er tatt til vitande, og fylkesrådmannen ønsker å presisere at handelsføresegna vil vere utforma for å ivareta måla som er sett i planprogrammet, og den vil vere basert på kunnskapsgrunnlaget og resultatet av konsekvensutgreiinga.

5. Konklusjon

Det er kome inn ni fråsegner med totalt 47 innspel knytt til åtte ulike tema. Fylkesrådmannen har tatt 19 av innspela til følgje, eitt delvis til følgje, 13 ikkje til følgje og 14 til vitande. Fylkesrådmannen rår FU til å vedta planprogram for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (handelsføresegna) slik det ligg føre.